

Info om leseaksjon/lesevake

I veke 39 og 40 skal 5.-7.trinn vera med på den årlege leseaksjonen. Desse vekene har me ekstra fokus på lesing og leseglede. Me les, samtalar og skriv om bøker.

Torsdag 2.oktober vil me avslutte leseaksjonen med ein lesevake. Då kjem elevane attende til skulen om kvelden og me har ulike leseaktivitetar utover kvelden/natta. Elevane får fri frå skulen fredagen.

For å få dette til treng me litt hjelp frå foreldregruppa. Me planlegg ein felles kvelds og frukost. Frukosten ordnar me på skulen, men vonar foreldregruppa kan stille med kvelds (heimalaga pizza). Sender utfordringa til foreldrekontaktane i 5.-7.trinn til å organisera kveldsen. (Geir-Olav 5.trinn, Lasse 6.trinn, Mette 7.trinn)

Meir info kjem seinare.

Helsing Linn, Kirsten og Liv.

